



## Notat

Dato: 19.02.2017  
Arkivsak: 2017/1388-2  
Saksbehandlar: gudeinb

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesordførar

---

### **Svar på spørsmål fylkesutvalet 22-23 02 frå Venstre om miljøvennleg teknologi som krav i snøggbåtanbod**

Nytt anbod for båtsambanda Kleppestø-Strandkaien og Knarvik-Frekhaug-Bergen er handsama i fleire saker i det seinare. I sak 249/2016, lagt fram for fylkesutvalet 20.10.16, vart det gjort greie for planane for nytt anbod. Det blir her vist til grep med ei kortsiktig kontrakt som i hovudsak vidarefører dagens krav til sambandet, men stiller krav til større kapasitet på fartøyet. Denne kontrakten er planlagt vare fram til ein ser det mogleg å legge til rette for meir miljøvennleg framdriftsteknologi for sambandet Kleppestø-Strandkaien. Bakrunnen for dette er skildra i saka.

I tråd med vedtak i denne saka vart det utarbeidd konkurransegrunnlag for anbodet med kortsiktig kontrakt. Saka vart fulgt opp med sak 305/2016 i fylkesutvalet, 8.12.2016, som gav fylkesrådmannen fullmakt til å kunngjere og tildele anbodet i tråd med tilrådinga. Kontrakten vil vare til 2021, med moglegheit for 1+1 års opsjonar.

Sak om strategiske vegval for bybåtsambanda i forkant av utlysing av ny langsiktig kontrakt vil bli lagt fram i tråd med tidlegare vedtak (sak 249/2016 i FUV). Saka skal omfatte mellom anna vurderinger av miljøvennlege framdriftsløysingar.